

---

Saksnr: 2020/58941-19  
Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		26.10.2021

## Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden

Forslag til vedtak:

1. Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden vert retningsgjevande for Vestland fylkeskommune sitt arbeid med istandsetjing av kulturminne i verdsarvområdet.
2. Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden vert retningsgjevande for Vestland fylkeskommune si handsaming av søknadar om tilskot frå Statsbudsjettet kap. 1429 post 79 tilskot til verdsarven.

## Samandrag

Saka omhandlar revidering av Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden. Restaureringsplanen vart første gong vedtatt av hovudutval for kultur i Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2014 i HK-sak 44/14. Etter vedtaket i hovudutvalet har restaureringsplanen vore styrande for fylkeskommunen sitt arbeid i verdsarvområdet. Føremålet med planen er å bidra til at forvaltninga og istandsetjinga av kulturminne i verdsarvområdet vert eit døme på beste praksis. Den opphavlege restaureringsplanen omhandla kun bygningar i verdsarvområdet, medan den reviderte restaureringsplanen er utvida til å omhandle alle typar kulturminne frå nyare tid.

Restaureringsplanen skal primært vere eit verkøy for forvaltninga i vårt arbeid med kulturminna i verdsarvområdet. I tillegg skal den vere eit hjelpemiddel for eigarar av kulturminne i verdsarvområdet til istandsetjing av deira kulturminne.

Per Morten Ekerhovd  
avdelingsdirektør

David Aasen Sandved  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I 2005 vart området Vestnorsk fjordlandskap innskrive på UNESCO si verdsarvliste. Verdsarvområdet består av to delområde, eitt i Geirangerfjorden i Møre og Romsdal fylke og eitt i Nærøyfjorden i Vestland fylke. På verdsarvlista er det skrive inn som eit naturområde, men i innskrivinga etter kriterie III vert også den kulturelle dimensjonen framheva der dei mellom anna skriv:

«Restar av eldre, no for det meste nedlagde gardsbruk og stolar, tilfører det dramatiske naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien på området.»

Restaureringsplanen har som mål å bidra til at verdiane til kulturminna i verdsarvområdet vert tatt vare på i eit langsiktig perspektiv, og gjennom dette bidra til å oppretthalde verdsarvområdet sine eineståande universelle verdiar. Kulturminna i verdsarvområdet representerer mange ulike verdiar og moglegheiter knytt til kunnskap, oppleving og bruk. Ved å setje i stand kulturminna på ein god måte kan dei brukast, samstundes som dei kulturhistoriske verdiane dei har vert tatt vare på. Godt bevarte kulturminne bidreg også til å skape grunnlag for verdiskaping, kunnskapsbygging og gode opplevingar i verdsarven.

Restaureringsplanen er ei konkretisering av Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden si målsetjing om kulturminna i verdsarvområdet og er avgrensa til å omhandle kulturminne innanfor grensene til verdsarvområdet som har behov for istandsetjing. Forvaltningsplanen finn du ved å fylje denne lenkja:

[https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/files\\_naroyfjorden/1-2008\\_Forvaltningsplan\\_Vestnorsk\\_fjordlandskap\\_delomrade\\_Naroyfjorden.pdf](https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/files_naroyfjorden/1-2008_Forvaltningsplan_Vestnorsk_fjordlandskap_delomrade_Naroyfjorden.pdf)

Restaureringsplanen skal vere eit arbeidsdokument for å setje i stand kulturminne i verdsarvområdet. For oversikt og meir informasjon om kulturminna i verdsarvområdet syner vi her til kulturminnedatabasen Askeladden, Kulturminnesøk og kulturminneplanar for kommunane Aurland, Vik, Lærdal og Voss.

Istandsetjing av eit verneverdig kulturminne vedkjem ofte både eigar og den offentlege forvaltninga. Restaureringsplanen skal vere eit verktøy for å ivaretakinga av kulturminna i verdsarvområdet vert eit døme på beste praksis slik at kulturminna i verdsarvområdet vert tatt godt vare på i eit langt perspektiv. For å kunne oppnå dette er det viktig med eit godt samarbeid mellom eigarane og forvaltninga då eigar er den som brukar og held vedlike kulturminnet. Medan den offentlege forvaltninga kan gje kulturminnet eit juridisk vern, bidra med råd og rettleiing, og yte tilskot til planlegging og gjennomføring av ei istandsetjing. Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark er her ein ressurs for dei som eig kulturminne i verdsarvområdet. I tillegg til at planen skal vere eit verktøy for den offentlege forvaltninga, ynskjer vi også at den skal vere eit verktøy for eigarane av kulturminne i verdsarvområdet.

Den opphavlege restaureringsplanen vart handsama politisk i hovudutval for kultur i Sogn og Fjordane fylkeskommune der dei i HK-sak 44/14 gjorde fyljande vedtak:

1. Restaureringsplanen for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden; jf. vedlegg 1, skal vere retningsgjevande for fylkeskommunen sit engasjement for bevaring og istandsetjing av bygningar i verdsarvområdet.
2. Restaureringsplanen skal vere retningsgjevande i samband med fylkeskommunen si fordeling av midlar frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79 Verdsarv

Etter vedtak i hovudutval for kultur har restaureringsplanen vore retningsgjevande for Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt arbeid med verneverdige bygningar i verdsarvområdet.

I restaureringsplanen av 2014 var det lagt opp til at den skulle rullerast kvart 5 år. I april 2019 sende Sogn og fjordane fylkeskommune ut brev til alle kommunane og verdområdestyret for Nærøyfjorden verneområde med melding om at vi starta opp arbeidet med revidering av restaureringsplanen. Arbeidet med restaureringsplanen har vore leia av Sogn og Fjordane fylkeskommune, frå 2020 Vestland fylkeskommune og blitt gjort i nært samarbeid med Aurland kommune, Lærdal kommune, Vik kommune, Voss herad, Hordaland fylkeskommune (til 2020), Nærøyfjorden verneområdestyre og Nærøyfjorden verdsarvpark. For meir informasjon om arbeidet med planen sjå kap. 3 i Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden (vedlegg 1).

Ved oppstart av revideringa av planen vart det i samråd med verdsarvkomunane og Nærøyfjorden Verdsarvpark bestemt å utvide planen til å omfatte alle typar kulturminne frå nyare tid i verdsarvområdet. For mange kulturminne i verdsarvområdet er det miljøet som heilskap som gjev dei den største kulturhistoriske verdien. I arbeidet med prioriteringar av kulturminna har vi

difor lagt vekt på heilskaplege kulturmiljø i tillegg til enkeltobjekt. Den reviderte planen har kortfatta omtalar av dei ulike kulturminna, medan hovudvekta av omtale og kartlegging av bygningar framleis ligg i den opphavlege restaureringsplanen. Den opphavlege restaureringsplanen vil såleis fylje med vidare som eit vedlegg med kunnskapsgrunnlag for den nye planen.

Utkastet til restaureringsplan har vore politisk handsama i Aurland kommune, Lærdal kommune, Vik kommune og Voss herad. I tillegg har verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap gjeve uttale til planen, og Nærøyfjorden verneområdestyre har handsama planen. Vedtaka i kommunane, verdsarvrådet og verneområdestyret er lagt inn i restaureringsplanen kap. 3.5 (vedlegg 1).

#### Vedtakskompetanse

Hovudutvalet har vedtakskompetanse heimla i Reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering jf. pkt 2. «Oppgåver» der hovudutvalet skal arbeide med utforming av mål for verksemda og prioriteringar for tenestetilbodet sett i høve til økonomiske føresetnadar og kvalitetskrav. Samt punkt 3. «Saker der utvalet har avgjerdsmynde» som fastset at hovudutvalet har avgjerdsmynde for fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor sitt arbeidsområde.

#### Vurderingar og verknader

Restaureringsplanen er ei konkretisering av målsetjingane i forvaltningsplanen for verdsarvområdet og den skal primært vere eit verktøy for fylkeskommunen si oppfølging av istandsetjing av kulturminna. I tillegg er det eit ynskje om at den også skal bidra til at eigarane av kulturminne i verdsarvområdet skal få hjelp og rettleiing i korleis ein set i stand kulturminna på best mogleg måte. Av den grunn er det lagt inn eit eige kapittel (kap. 6) om dette, i tillegg til at fylkeskommunen har utarbeida ein eigen restaureringsrettleiar som vedlegg til planen (vedlegg 5). I restaureringsrettleiaren blir det gjeve konkrete råd om korleis ein best mogleg kan setje i stand verneverdige bygningar.

#### Økonomi:

Restaureringsplanen vert rettleiande for fylkeskommunen sine prioriteringar i samband med fordeling av statlege tilskot til kulturminne i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden. Ved å ha gjort ei prioritering gjennom plan om kulturminna så vil det bidra til forenkla og effektivisering av den fylkeskommunale sakshandsaminga.

I tillegg skal planen bidra til å styrke eigarar av kulturminna i verdsarvområdet i samband med søknad om tilskot til istandsetjing frå andre tilskotsytarar. Til dømes Norsk kulturminnefond, som prioriterer tilskot til kulturminne som er omhandla i ein plan.

#### Klima:

Istandsetjing av verneverdige kulturminne er eit godt tiltak i arbeidet med reduksjon av klimagassutslepp. I denne samanhengen har byggesektoren ei sentral rolle i den sirkulære økonomien. I denne samanhengen er tiltak som forlenger levetida til bygg er med på å sikre at ressursane i bygga vert brukt lengst mogleg, eit viktig tiltak. Ved å ta vare på verneverdige bygningar får ein både bevart kulturhistoriske verdiar samstundes som ein reduserer klimagassutslepp. For meir informasjon om tilhøvet mellom klima og kulturminne sjå Riksantikvarens klimastrategi for kulturmiljøforvaltning [https://www.riksantikvaren.no/wp-content/uploads/2021/08/RA\\_Klimastrategi\\_2021.15.08-oppslag\\_150dpi.pdf](https://www.riksantikvaren.no/wp-content/uploads/2021/08/RA_Klimastrategi_2021.15.08-oppslag_150dpi.pdf)

#### Folkehelse:

Mange av kulturminna som er omtala i planen kan bidra positivt inn i eit folkehelse perspektiv. I planen er det til dømes tatt med ei rekkje vegar/stiar som i dag er attraktive turløyper for både lokalbefolkninga og tilreisande. Ved å setje desse i stand og vedlikehalde dei vil det gje allmenta tilgang til verdsarvområdet og bidra til auka fysisk aktivitet.

#### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Restaureringsplanen stettar utviklingsplanens mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga, strategi 2 og mål 2: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv, strategi 1.

Restaureringsplanen vil bidra til å oppnå FN sine berekraftsmål. Det er spesielt mål 11. Berekraftige byar og lokalsamfunn, delmål 11.4 styrke innsatsen for å verne og sikre verdens kultur- og naturarv, som ei istandsetjing av kulturminne i verdsarvområdet vil bidra til å nå. I tillegg

vil istandsetjinga av kulturminna bidra til å nå berekraftsmål 13 og 15. For meir informasjon om restaureringsplanen og FN sine berekraftsmål sjå restaureringsplanen kap. 1 (vedlegg 1).

I *Stortingsmelding nr 16 (2019-2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken. Engasjement, bærekraft og mangfold* vert det trekt fram at forvaltninga av «verdsarvområdene skal utvikles som fyrtårn for beste praksis innenfor natur- og kulturmiljøforvaltningen, samt å prioritere og sikre den verdensarven vi har i dag.» *Utviklingsplan for Vestland 2020-2027*, *Regional planstrategi* nemner verdsarven direkte i mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling, strategi 2.2 Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar, der vi seier at UNESCO-områda i Vestland bør bli vidareutvikla til fyrtårn for natur og kulturminneforvaltning. I *Kultur for alle. Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027* er kulturarven eitt av innsatsområda der fylkeskommunen ynskjer å sikre ei berekraftig og utviklingsretta forvaltning og formidling med vekt på kulturminna sin eigenverdi, utvikle verdsarvstadane som kulturelle kraftsenter og bidra til oppbygging av kulturminnekompetanse i kommunane. Restaureringsplanen vil vere eit ledd i å nå desse måla. I *Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025* er det to mål knytt til verdsarv:

1. Forvaltninga av verdsarven i Hordaland skal ha lokal, regional og nasjonal forankring.
2. Kartlegging, sikring og bevaring er grunnlag for berekraftig forvaltning av verdsarven og tilrettelegging for verdiskaping og samfunnsutvikling.

Restaureringsplanen vil vere eit ledd i å nå desse måla i stortingsmeldinga og dei regionale planane.

#### Konklusjon

Restaureringsplanen skal bidra til at den fylkeskommunale handsaminga av kulturminne i verdsarvområdet vert eit døme på beste praksis. Den skal bidra til ei føreseieleg sakshandsaming og at istandsetjinga av kulturminna i området held eit fagleg høgt nivå. Avdelingsdirektøren viser til drøftingane ovanfor og rår hovudutvalet til å gjere vedtak i tråd med tilrådinga.